



Uskedelingen Gianni Rebaudo, som dreiv handel her i bygda i mange år, gjekk frå årsskiftet saman med Kristinn Atlason og starta selskapet Metro. Dei har også jobba saman i mange år på Husnes. Gianni etablerte i 1998 firmaet Skilt & reklamestudio.

Metro tilbyr alt i skilting og reklame på bilar og tekstilar, mellom anna på t-skjortar og arbeidstøy. Metro har og overteke rammeverkstaden etter det konkursramma Sentrum glass og vedlikehald og då auka talet på tilsette til 3.

Gianni, på biletet saman med Kristinn, opplysar til Grenda at fjoråret var eit godt år og at dei har mange trufaste kundar - også nokre utanom Kvinnherad.